



## Notat

Dato: 28.04.2014  
Arkivsak: 2014/14827-4  
Saksbehandlar: nilgrud

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Bybanen mot Flesland - Samarbeid mellom entreprenør og utbygger - Svar på oversendingsforslag**

På møte i samferdselsutvalet 19.03.14 tok representanten Alf Helge Greaker (V) opp følgjande sak:

«Bybaneutbygginga

I media rett over nyttår var det oppslag om forsinkelsar i Bybane-utbygginga mot Flesland. Det er viktig at utbygginga og entreprenørane planlegg og koordinerer seg og har ei gjensidig forståing av det som skal gjennomførast. Representanten ber om ei orientering om korleis samarbeidet mellom entreprenør og utbyggjar er per i dag, og korleis forseinkinga blei løyst.»

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 03.04.14 oversendingsforslaget frå Alf Helge Greaker over til vidare handsaming i Bybanen Utbygging. Det ligg no føre svar frå Bybanen Utbygging i brev av 28.04.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Bybanen utbygging og har elles ikkje nokon merknader